

Fra: Pål Kielland[palkielland@gmail.com]  
Sendt: 30.08.2024 11:04:45  
Til: Post Innlandetfylke[post@innlandetfylke.no]  
Tittel: Innspel til vedtak om framtidig skulestruktur Innlandet

---

Denne eposten er sendt fra en person utenfor organisasjonen. Ikke klikk på lenker eller åpne vedlegg før du er sikker på hvem avsender er og at innholdet er trygt.

Hei!

Eg er ein utfløtt Skjåkvêr som gjekk på Lom vgs 2001-2004. Valet av skulestad var for min del i størst grad basert på nærleik til familie, å kunne å bu heime fram til fyrstegongstenesta og deretter vidare studier, nærleik til vener og kjende, nærleik til fritidstilbod som fotball, turn, friidrett, ski, handball og kunne fortsette å halde på med dette i Skjåk og Lom til tida på vidaregåande var over. Og såklart, Lom var kjend som ein trygg og god studiestad med flinke lærarar og godt studietilbod, så dette gjorde valet kjempeenkelt. Og ikkje minst, sleppe hybelliv og lange reiser til skulestader "lenger sør i daln". Kvaliteten i nærleiken kan ikkje undervurderast.

Å legge ned Lom, og andre skular i distriktet, kan ta knekken på den framtidige demografien når demografien heller burde bli styrka i form av å ha nettopp ein vgs-skule i Lom. Ved å evt fjerne Lom vgs så tek de vekk aldersgruppa 16-19 frå samfunnsbiletet i bygdene kring Lom vgs. Skjåk, Lom og Vågå, bli kje lenger någgå særle någgå!

Kva med å ha ei befolkning til stades på bygda? Noreg satsar på reiseliv og fornybare energiformer inn i framtida. Og kor foregår produksjonen og aktivitetane til desse næringane i praksis? Jo, på nettopp bygda. Skal ein ta vare på dei som bur der, legge til rette for dei som skal utvikle næringane og ikkje minst ta vare på ungdommen i ei krevjande tid i livet frå ung til vaksen - ja då kan umogleg nedlegging i det føreslåtte omfanget vera særleg hensiktsmessig på både kort, men ikkje minst, lang sikt.

Eg og kona med to born har eit bra liv i (gamle) nabofylket Sogn og Fjordane. Men vi har snakka om eit liv i Skjåk, nærleik til besteforeldre og sysken med barn og gamle gode vener og kjende. Men med myrke nedleggingstrugande skyer over Lom vgs, nei då set dette ein kraftig stogg i vidare tanker og moglegheiter for heimattflytting.

Kjære Innlandet Fylke, ta vare på Lom vgs og andre viktige og ditsriksnære vidaregåande skular!

Helsing  
Pål Hage Kielland  
39 år frå Skjåk, bur i Sogndal